



As Haugland Vvs
Lyngvegen 2
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar: Ref.:BBBJJK-
Skjemanr.:3934
Vår: 23/2941 - 23/30906

Saksbehandlar:
Margarett Halland
margarett.halland@alver.kommune.no

Dato:
28.04.2023

Godkjend røyrleggjarmelding vassmålar - gbnr 325/127 Fosse

Me viser til røyrleggjarmelding motteke 12.04.2023

Adresse byggeplass: Fosse 61
Type bygg: Eksisterande bustad
Type arbeid: Montering av vassmålar – Kunde ynskjer å venta med å henta målar til dei digitale målarane har komen.

Røyrleggjarmeldinga er godkjend på følgjande vilkår:

Arbeidet må støtte krava i KS Administrative/tekniske bestemmelsar.

Vassmålar skal monterast på hovudinntaket slik at alt forbruk vert målt

Det skal nyttast kommunal vassmålar. Denne kan hentast på drift stasjonen på Stølen 7.
Ring vakttelefon : 96625559 for å avtale tid

Digitale målarar

Alver kommune ynskjer å gå over til digitale målarar, denne typen målarar vil ha direkte kontakt med kommunen sitt gebyrsystem. (forutset at det er mobildekning)

Det vil truleg ta nokre månader før me har desse på lager.

Desse målarane er mindre og passar til dømes inn i eit vanleg fordelarskap.

Viss kunde ynskjer, kan ein venta med å hente leigemålar til me får dei digitale.

Sjå link for meir info under.

[Alver kommune - Vassforsyning](#)

Digitalt skjema vassmålar

Røyrleggjar skal senda inn digitalt skjema for registrering av vassmålar + bilete når målar er montert.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00

[Registrering av vannmåler \(KF-463\)](#) Dette kan gjerast samstundes med ferdigmeldinga.

Ferdigmelding

Når målar er ferdigmontert/installert skal det sendast inn ferdigmelding på arbeidet.

[Ferdigmelding \(KF-569\)](#)

Les meir om forskrift og gebyr på heimesida til Alver kommune eller i link under.

<https://www.alver.kommune.no/contentassets/ef764d0e9bfa48c9bd08a81f44c57b6b/forskrift-om-vass--og-avlopsgebyr-i-alver-kommune-godkjent-nov.2022.pdf>

Gebyr for målt forbruk ved vassmålar:

Gebyret dykkar på stipulert vatn og avlaup vert endra når vassmålar er montert.

Det vert lagt inn ein a-konto som betyr at ein betaler på førehand og det vert ei årleg avlesing og eit årsoppgjer.

Vassmålar skal leigast frå Alver kommune og leverast attende dersom forholdet skal opphøyra.

Det tilkjem ei årleg vassmålarleige.

Abonnementsgebyr på vatn og avlaup er det same anten ein har stipulert eller målt forbruk.

Me gjer merksam på at du/de er økonomisk ansvarleg for alt forbruk på vassmålaren dykkar.

Vassleidning

Vassleidningen og avlaupsleidning til denne kunden er ikkje teikna inn i Nordhordlandskart.

Me ønskjer at de lagar ei skisse over ca. kvar vassleidningen går frå veggiliv til kommunalt tilknytingspunkt, om dette er mogleg. Me kan då får lagt leidningane inn i kartet for ettertida.

Legg gjerne med eit VA-kart/skisse i ferdigmeldinga.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Margarett Halland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Harry Fosse

Fosse 61

5919

Frækhaug

Mottakarar:

As Haugland Vvs

Lyngvegen 2

5914

ISDALSTØ